

Saksbehandlar: Merete Husabø Nornes, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 14/1712-2

Bruk av tiltakspakke- ekstramidlar fagopplæring 2014

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gjere slikt vedtak:

Dei ekstraordinære midlane for 2014 vert fordelt slik:

- Formidling av lærekandidatar og lærlingar med låge karrakterar/stort fråvere. Avsett sum kr 770. 000,- til stillingsressurs
- Sommarskule naturfag. Avsett sum kr 170 000.-
- Kr 5.000,- i tilskot til nye lærebedrifter og bedrifter som ikkje har hatt deltakarar på instruktørkurs. Avsett sum kr 250 000,-
- Inntil kr 50.000,- for kvar søkar til lære plass som er vanskeleg å formidla på grunn av låge karakterar eller stort fråvær. Tildeling av slikt ekstratilskot vil bli drøfta i kvart enkelt tilfelle med aktuelt opplæringskontor eller bedrift. Avsett sum kr 500.000.-
- Oppfylggingstiltak for lærlingar og lærekandidatar der det under vegs i læretida vert avdekka behov for ekstra tilrettelegging Avsett sum på kr 1.000.000,-
- Styrking av arbeidet i yrkesfagleg nettverk. Avsett sum kr 300 000.-
- Nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinnedominerte lærefag. Avsett sum kr 40.000,-
- Lærlingar med feil fordjuping/om plassering frå andre utdanningsprogram. Avsett sum kr 200 000,-
- Regionvise møte med søkjarar som ikkje er formidla innan 15. august. Avsett sum kr 20 000,-
- Kvalifisering av søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag. Avsett sum kr 1.200.000
- Oppdateringskurs for prøvenemnder. Avsett sum kr 100 000.-
- Vg3 i skule som alternativ til lære plass i eige fylke eller kjøp av Vg3 plassar i andre fylke. Avsett sum kr 1.200.000,-
- Kr 1.186.000,- vert sett av til å delfinansiere auka kostnader til lærlingtilskot på grunn av auke i talet løpande lærekontraktar

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2014 sett av 6,936 millionar i ekstra midlar til fagopplæring. Dette er ei vidareføring av særskilt ekstraløyving, første gongen gitt fylkeskommunane i 2009 som verkemidlar for å dempe verknadane av finanskrisa. Midlane inngår som ein del av rammetilskotet.

I Sogn og Fjordane har vi dei siste åra hatt ulike profilar på bruken av desse midlane. Opplæringskontora har delteke i den årlege prosessen, og har kome med innspel til kriteria for tildeling.

Frå 2011 gjekk vi over til ein individretta profil for delar av midlane, der målet har vore å stimulere til formidling av og gjennomføring for søkarar som er vanskelege å formidle. Dette har m.a. vore i tråd med satsinga Ny Giv, og særleg vore retta mot intensjonane i oppfylgingsprosjektet. Det er gjennom denne bruken av midlar skapt lokalt handlingsrom for å kunne gi økonomisk støtte til læreforhold der det lett kunne enda med avbrot.

Stillingsressursen som er nytta til arbeid med formidling av lærekandidatar og søkjarar med lågt karaktersnitt og stort fråvær har synt seg å gje gode resultat, i kombinasjon med ordninga om inntil kr 50.000 i ekstra økonomisk kompensasjon til bedrifter som gjev desse søkjarane moglegheit til å «vise seg fram».

Fram til 2013 nytta ein deler av tiltaksmidlane til stimuleringstilskot for nye og revitaliserte lærebedrifter. Det vart i fleire år, og særleg i 2012, rekruttert mange lærebedrifter, og ein valde difor å ta bort dette tilskotet i 2013.

I statsbudsjettet for 2014 vart det løyvt ekstra midlar til fylkeskommunane til auke i læringstilskotet og 50.000 i tilskot til nye lærebedrifter. Desse midlane kjem i tillegg til dei 6,8 millionane som vert fordelte i denne saka. Fylkesdirektøren legg fram eiga sak for fagopplæringsnemnda om kriterier for å få kr 50.000 i tilskot.

Rekneskapan for bruk av ekstramidlane i 2013 syner at ein har brukt om lag 3,3 millionar og at ein har eit mindreforbruk på om lag 3,5 millionar. Meirforbruk på tilskot til lærebedrifter er i 2013 på 6,5 mill kroner. Dette som følgje av at talet på løpande lærekontraktar har auka. Totalt sett er dette ei positiv utvikling.

Det vart i 2013 nytta kr 500.000 av ekstramidlane til Vg3 Industrimekanikar for 6 søkjarar som ikkje fekk læreplass.

Disponering av midlane i 2014.

Fylkesdirektøren rår til at dei fleste av tiltaka frå 2013 vert vidareført, men at summene som vert sett av til kvart enkelt tiltak vert justert noko i høve til det reelle forbruket i 2013.

Ny inntaksforskrift som gjeld frå 01.08.13 innskjerpar kravet til å ha bestått lågare nivå for å bli flytta til neste nivå i vidaregåande opplæring. Dette inneber at kravet til kvalifisering for søkjarar til bedrift også vil verta praktisert strengare. M.a. kan det bli fleire som vil nytte seg av tilbodet om sommarskule i matematikk og naturfag. Fylkesdirektøren ser at det også kan bli aktuelt å setje i gong eigne kvalifiseringstilbod for søkjarar med manglande karaktergrunnlag i fellesfag og/eller programfag, og føreslår å setje av midlar til slike tilbod.

Den nye inntaksforskrifta slår også fast at søkjarar som ikkje har fått tilbod om læreplass til 1. september skal få tilbod om Vg3 i skule som alternativ til læreplass. Om ein ikkje lukkast med tidlegare formidling enn fram til no, kan dette resulter i at ein må opprette fleire Vg3 tilbod eller kjøpe plassar i Vg3 i andre fylke.

Med bakgrunn i endringane i inntaksforskrifta vil fylkesdirektøren tilrå å setje av ein pott til Vg3 i skule i eige fylke og/eller til kjøp av plassar i andre fylke.

Nokre av opplæringskontora har komme med innspel om å opprette nettverk for jenter i mannsdominerte lærefag. Fylkesdirektøren rår til at det vert sett av midlar til nettverk både for jenter i mannsdominerte lærefag og for gutar i kvinneedominerte lærefag. Slike nettverk kan truleg medverke til auka gjennomføring av opplæringa.

Rekneskap over bruk ekstramidlane til fagopplæring dei siste åra har synt at ein ikkje har nytta midlane fullt ut. Fylkesdirektøren har i si tilråding for bruk av midlane i 2014 justert budsjett for dei ulike tiltaka i høve siste års erfaringstal. Fylkesdirektøren rår til at dei udisponerte midlane blir nytta til å delfinansiere auke i tilskot til lærebedrifter, som følgje av den store auken i tal løpande kontraktar i 2013/2014.

[Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)